

Eigarskapsoppfølging

Innhold:

1. Kjenneteikn ved eigarskap
2. Kontrollutvalet si oppfølging
3. Funn i 2 rapportar om eigarskapsoppfølging




SEKOM sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

1


Styring gjennom eigarskap



SEKOM sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

2



SEKOM sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

3



4

Kva med kommunedirektøren?

- Inga formell rolle i styringa av kvart selskap.
- Førebu sak om eigarskapsmelding og strategiar.




-Forventar ein meir av kommunedirektøren enn det formelle ansvaret?

SEKOM sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

5

Eigarskapskontroll / forvaltningsrevisjon



SEKOM sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

6

Eksempel på oppfølging frå kontrollutval

- Rapportar om eigarskapsoppfølging i 2022
 - Sunnfjord og Bremanger
 - Utført av SEKOM

Føremål:

-Kor godt følgjer kommunen opp eigarrolla?



SEKOM sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no


7

Tilrådingar frå KS

- Rapportane var knytt til desse tilrådingane:

Nr	Tilråding
3	Sørgje for at folkevalde får god kunnskap om eigarskap
6	Halde jamlege eigarmøte
7	Som hovudregel bør sentrale folkevalde oppnemnast som representantar i eigarorganet
11	Sørgje for balansert kjønnsrepresentasjon i styret
17	Registrere styreverv i KS styrevervregister
18	Sørgje for at selskapa melder seg inn i ein arbeidsgjevarorganisasjon

Frå KS: [Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll](#)
(Av 21 tilrådingar)



SEKOM sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

8

Opplæring av folkevalde?

- Eigarskap var ikkje eige tema i folkevaldopplæringa 2019/20. 
- Det er sentrale folkevalde som møter i representantskapa. 
 - Ofte ordførar
 - Flinke til å stille på møta



SEKOM sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

9

Funn om selskapa

- Kjønnbalanse i styra? 
 - Stettar ikkje krava i 30% av selskapa vi sjekka.
- Informerer kommunen om eigarskap? 
 - Informasjon i eigarskapsmelding og rekneskap
 - Ikkje lett synleg på kommunane sine nettsider.
- Eigarmøte 
 - Ikkje avklara intervall for eigarmøte i ulike selskap.



SEKOM sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

10

Styrevervregister og organisasjon?

- KS styrevervregister?
 - Ingen opplysningar om selskapa vi sjekka. 
 - Trass i at det er føresett i eigarskapsmeldinga for begge kommunane.
- Medlem i arbeidsgjevarorgansiasjon?
 - Ja, med unntak: 
 - Eit selskap med få tilsette er ikkje medlem.
 - To selskap utan direkte tilsette er ikkje medlem.



SEKOM sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

11

Takk for merksemda!

Eigarskapsoppfølging



SEKOM sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

12



Vestland
fylkeskommune

⊙

Undersøking av eigarskapsforvaltninga i Møre og Romsdal fylkeskommune

23. januar 2024 – Kontrollutvaldsdagane i Loen 23. – 24. januar 2024

13

Bakgrunn

Bakgrunn for prosjektet var eit samrøystes vedtak i fylkestinget i Møre og Romsdal fylkeskommune 18.10.2021 der fylkestinget slutta seg til forslag for gjennomføring av eigarskapskontroll.



14

Føremål

Føremålet med prosjektet var å undersøke og vurdere om Møre og Romsdal fylkeskommune har etablert tilfredsstillende eigarskapsforvaltning i samsvar med lovkrav og anbefalingar for eigarskapsforvaltning.

Føremål forts.

- Deloitte fekk oppdraget med å gjennomføre denne undersøkinga, som er veldig nær opp til ein eigarskapskontroll.
- Det vart i undersøkinga sett på kva system og rutinar fylkeskommunen har for eigarskapsforvaltning, fylkeskommunen sine styringsdokument for selskapa, korleis eigarskapsforvaltninga blir praktisert, og praksis for val av styrerepresentantar.
- Det var også eit føremål å undersøkje og vurdere om fylkeskommunen si eigarskapsmelding er i samsvar med lovkrav og relevante anbefalingar.

Problemstillingar (tema)

- | | | |
|---|---|--|
| 1 | Eigarskapsmelding og andre styringsdokument | Er eigarskapsmeldinga utarbeidd i samsvar med lovkrav og tilrådingar? Har fylkeskommunen tilstrekkelege strategiar og styringsdokument for selskapa? |
| 2 | Eigarstyring | Har fylkeskommunen ei føremålstenleg organisering av eigarskapsforvaltninga? Har fylkeskommunen tilstrekkelege system og rutinar for eigarstyring? Korleis blir krav og forventningar følgd opp? |
| 3 | Val av og krav til selskapsstyra | I kva grad er det sikra god samansetting og kompetanse i selskapsstyra? Har fylkeskommunen føretatt ei prinsipiell avklaring av styregodtgjering? Blir styreverv registrert, og følgd opp at selskapa har etiske retningslinjer? |

Eigarskapsmelding og andre styringsdokument

Fylkeskommunen har ei eigarskapsmelding som i hovudsak samsvarar med lovkrav og anbefalingar

- Undersøkinga viste at eigarskapsmeldinga til fylkeskommunen inneheld ei oversikt over eigarposisjonane til fylkeskommunen og at den inneheld fylkeskommunen sine prinsipp for eigarskapsforvaltning, noko som er i samsvar med kommunelova §26-1 a) og b).
- Eigarskapsmeldinga omtalar ikkje fylkeskommunen sitt føremål med alle eigarskapa, men omfattar utfyllande informasjon om nokre utvalde selskap og fylkeskommune sitt føremål med desse eigarskapa. Deloitte vurderte dette til ikkje å vere i samsvar med kommunelova §26-1 c).
- Samtidig kan fylkeskommunen med fordel vere endå tydlegare på kvifor selskapa som blir valt ut for nærare oppfølging blir valt ut.
- Møre og Romsdal fylkeskommune har ikkje sett tilstrekkeleg klare mål eller eigarstrategiar for eigarskapa sine

Eigarstyring

Deloitte konkluderte med følgjande i rapporten:

- Fylkeskommunen har berre delvis hatt ei føremålstenleg organisering av eigarskapsforvaltninga.
 - ✓ Fylkeskommunen har etablert ei administrativ eigarskapsgruppe. Rolla til denne gruppa, oppgåver, ansvar og arbeidsomfang mv.er i liten grad er dokumentert.
 - ✓ Fylkeskommunen har hausten 2023 etablert eit politisk eigarskapsutval som skal ha ei tettare politisk oppfølging av eigarskapa. Dette vil samla sett kunne bidra til betre kapasitet i eigarstyringa meir systematisk eigarstyring.
- Fylkeskommunen har gjennomført opplæring for folkevalde og fylkeskommunen sine styrerepresentantar.
- Deltakinga i eigarorgana har ikkje alltid blitt gjennomført i samsvar med forventningane
- Fylkeskommunen har ikkje etablert rutinar for gjennomføring av uformelle eigarmøte
- Fylkeskommunen har ikkje tilstrekkelege system for å følgje opp krava og forventningane som går fram av eigarskapsmeldinga.



19

Val av og krav til selskapsstyra

Fylkeskommunen har ikkje tilstrekkelege system eller rutinar for val av representantar til selskapsstyra



20

Val av og krav til selskapsstyra

Fylkeskommunen har ikkje tilstrekkelege system eller rutinar for å følgje opp og kontrollere om selskapa har knytt seg til KS sitt styrevervregister.

- **Undersøkinga viser fylkeskommunen ikkje har oversikt over om tilsette eller folkevalde med styreverv, er registrert i styrevervregisteret.**
- **Deloitte har kontrollert ei rekke selskap Møre og Romsdal fylkeskommune eig, utan å finne desse i styrevervregisteret.**



21

Tilrådingar

1. **Utarbeide ei eigarskapsmelding som inneheld fylkeskommunen sitt føremål med alle eigarskapa sine.**
2. **Etablere tydelege målsettingar og strategiar for dei mest vesentlege eigarskapa.**
3. **Utarbeide system og rutinar for å sikre at sentrale styringsdokument blir haldt jamleg oppdatert.**
4. **Utarbeide tydelege skildringar av oppgåvene til eigarskapsgruppa og rolla til fagavdelingane med omsyn til eigarskapsforvaltninga.**
5. **Revidere rolleomtalen i eigarskapsmeldinga for å sikre at ikkje det blir stilt tvitydige krav og forventningar til styrerepresentantane valt av fylkeskommunen.**
6. **Utarbeide ei rutine for gjennomføring og dokumentering av uformelle eigarmøte.**
7. **Utarbeide system og rutinar for å førebu eigarrepresentanten til møte i eigarorganet. Det bør samtidig leggjast til rette for at eigarrepresentanten ved behov kan forankre viktige saker politisk i forkant av møte i eigarorganet, ved å stille krav til selskapa om at saksdokument blir sendt ut i god tid.**



22

Tilrådingar (2)

8. Utarbeide system og rutinar for å følgje opp krava og forventningane som fylkeskommunen stiller til selskapa, og gi denne informasjonen til fylkestinget, under dette følgje opp kravet om at selskapa skal ha etiske retningslinjer.
9. Utarbeide retningslinjer for å sikre at fylkeskommunen sine nominasjonar til styremedlemar blir gjort med utgangspunkt i krav til kompetanse og ein føremålstenleg og lovpålagt styresamansetting. Valnemnda si grunngjeving for nominasjonar bør skriftleggerast.
10. Det bør minimum ein gong i valperioden bli gjort ei prinsipiell diskusjon om godtgjering av styremedlemmar og lønsnivå for dagleg leiar i selskapa. Diskusjonen bør resultere i eit vedtak som danner grunnlaget for eigarorganet si fastsetting av styrehonorar.
11. Utarbeide system og rutinar for å følgje opp og sikre at selskapa og styremedlemane er registrert i KS sitt styrevverregister.

Takk for merksemda!